



Lokale retningslinjer for planlegging, gjennomføring og etterarbeid av nasjonale prøver

Førebuing for lærarar på elevnivå

- Lærarar forklarar intensjonane med- og motiverer for- nasjonal prøve. Les deg opp på udir sine nettsider <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/nasjonale-prover/om-nasjonale-prover/>
- Lærarar presenterer og gjennomgår eksempeloppgåver på nasjonale prøver.
- Elevane øver på førehand på sjølve prøveforma, og tid ein har tilgjengeleg.
 - Øve på eksempeloppgåver, gjerne nasjonale prøver frå tidlegare år
 - Gjennomføringstida for nasjonale prøver i lesing og rekning er 90 minutt
 - Gjennomføringstida for nasjonale prøve i engelsk er 60 minutt
 - Slik øving startar tidleg på våren i 4., 7. og 8. klasse. Øving i lesing og rekning skjer i alle fag, medan nasjonal prøve i engelsk er ei rein fagprøve.
 - Dei aktuelle trinna øver også til nasjonal prøve ved skulestart.
 - Det er viktig at elevane får informasjon om å gjera så godt dei kan på kvar av prøvane, slik at dei får opplæring i etterkant som passar til reelt kompetansenivå innafor lesing, rekning og engelsk.

Førebuing på skulenivå

- Rektor sikrar at lærarane veit om intensjonar med, og struktur på prøvane.
 - Både lette og vanskelege oppgåver
 - Består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål
 - Opne oppgåver kor elevane skal svare med eigne ord eller med tal
 - Fleirvalsoppgåver
 - Fagtekst, skjønnlitterær tekst og samansett tekst i lesing
 - Rekning med tal, måling og statistikk
- Avdeling med aktuelle lærarar går gjennom ressursituasjonen på prøvetidspunkta. Kven vaksne er til stades, og kan andre vaksne frigjerast frå andre oppgåver? Viktig med kjende vaksne og nok vaksne.
- Lærar informerer foreldra i klassen om dei nasjonale prøvene på foreldremøte;
 - Føremål
 - Eksempeloppgåver
 - Gjennomføring
- Trinna som hadde nasjonale prøver sist år, legg fram føringar, førebuingar og erfaringar på avdeling.
- Lærarane, saman med leiinga, vurderer eventuelle fritak for prøva for elevar, og følgjer vedtekne prosedyrar for fritak.
- Registrering i PAS. Kontorfullmektig legg inn namn på elevar i PAS. Kontorfullmektig genererer passord til alle lærarar som skal gjennomføre nasjonal prøve. Lærar som skal ha nasjonal prøve henter passord til elevane på kontoret dagen før prøva.
- Minst ei veke før prøva sjekkar aktuelle lærarar at dei har tilgang i PAS, og tek ut aktuelle lærarrettteilingar.
- Kontaktlærar held oversikt i lag med spes- ped- koordinator på elevar med fritak, og leverer liste til dei på trinnet som har ansvar for gjennomføring av nasjonal prøve.



- Avdeling 2 skal førebu gjennomføring av nasjonale prøver ved å gjennomgå denne planen, og Klepp kommune sine føringer innan utgangen av august kvart år.

Gjennomføring

- **Dagspassord** henter lærar på kontoret på prøvedagen.
- Assisterande rektor sørger for at ansvarleg lærar er tilstades når prøven blir gjennomført.
- Elevar som har fritak frå gjennomføring av nasjonal prøve, skal vera i eige rom under prøva. Ass rektor og avdelingsleiar samarbeider om organisering av dette. Lærar som er ansvarleg for prøva sørger for å registrere elevar som er fritatt frå prøva, eller som ikkje har tatt prøva.
- Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk blir gjennomført elektronisk.
- Prøvene blir gjennomført om hausten, kort tid etter at elevane har starta på 5., 8. og 9. trinn.
- Nasjonale prøver i lesing og rekning tek 90 minutt, medan nasjonal prøve i engelsk tek 60 minutt.
- Elevar på 5. og 8. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk.
- Elevar på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og rekning. Prøvene på 9. trinn er dei same som for 8. trinn.
- IKT- ansvarleg har ansvaret for at alt ligg til rette for å gjennomføre nasjonale prøver elektronisk.
- Tilrettelegging for elevar:
 - Tilrettelegging skal ikkje gå utover ferdigheten som prøven måler. Ein kan t.d. ikkje lese tekst for eleven på nasjonal prøve i lesing og engelsk.
 - Tilrettelegging skal i hovudsak vera innanfor tidsramma for dei elektroniske prøvene.
 - Tilrettelegging skal vera til hjelp for den enkelte elev, og ikkje for ei heil elevgruppe.
 - Nasjonal prøve i rekning kan lesast opp for ein elev, utan at dette har innverknad på ferdigheten prøven måler.
 - Rektor kan i særskilte tilfelle vurdere utvida tid i inntil 30 minutt som eit tilretteleggingstiltak for enkeltelevar. Dette gjeld ved t.d. dysleksi, og må avtalast med rektor på førehand.
 - Elevar som er fritekne frå nasjonal prøve kan, dersom dei sjølv ønskjer det, gjennomføre deler av eller heile prøver på papir saman med ein lærar.
- Elevane skal vise lærar i rommet når dei er klare til å levere prøva. Dette for å sikre at dei har svart på alle oppgåvene, FØR dei leverer. Elevane kan levere prøva når dei er ferdige, men dei må sitte tida ut slik at dei ikkje forstyrrar dei andre elevane i rommet. Det er læraren sitt ansvar at elevar som har levert har noko å gjera fram til prøvetida er over. (stillelesing, teikning)
- Prøvene er opne for gjennomføring mellom klokka 08.00 og 16.00.
- Elevane loggar seg inn på [elev.udir.no](https://www.udir.no) . Elevane må taste inn eit kodeord til prøvegruppa for å få tilgang til prøva. Kodeord må lærar eller kontorfullmektig finne under «Start og monitorer en prøve» i PAS- prøver. Ein startar prøvegjennomføring ved å trykke «Start prøve» i PAS- prøver.
<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/nasjonale-prover/administrere-nasjonale-prover2/#innlogging-for-elevene>
- Hjelpemiddel:
 - Elevane skal ha tilgjengeleg skrivesaker og kladdeark. Ingen andre hjelpemiddel er tillatt. Lærar har med klassesett av blyantar, viskeler og ark.
- Fråvær på prøvedagen:
 - Elevar som blir sjuke under gjennomføring; lukk nettlesaren ved å trykke på krysset øvst i høgre hjørne. Eleven sitt svar blir då lagra i systemet i inntil 6 dagar.
 - Elevar som er sjuke på prøvedagen eller blir sjuke under nasjonale prøver, skal gjennomføre prøven når dei er tilbake på skulen. Lærar sørger for dette.

Etterarbeid på elev- og foreldrenivå

- Lærarane skal bruke resultatane for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring. Ein må sjå resultatane i samanheng med annan relevant informasjon.
- Lærarane vurderer resultatane for elevane og elevgruppa, også i forhold til kjønn.
- Lærarane set i verk tiltak for elevar på nivå 1 for 5. trinn, og nivå 1 og 2 for 8. og 9. trinn. Kontaktlærar, elev og foreldre/ føresette har ein samtale om oppfølgingstiltak i utviklingssamtalen
- Aktuelle lærarar, i samarbeid med leselærar og avdelingsleiar, setter opp ein tiltaksplan for alle elevar som er på nivå 1 og nivå 2. Denne planen skal vera skriftleg, og skal arkiverast på elevmappa i ESA. Her skal blant anna stå kva det er eleven skal øve meir på, både heime og på skulen. Tiltaka må også evaluerast.
- Elevar og foreldre får generell informasjon om resultatane på nasjonale prøver og om korleis resultatane blir fulgt opp i opplæringa, t.d. på eit foreldremøte.

Etterarbeid på skulenivå

- Lærarane på avdelinga som har hatt prøva, analyserer resultatane;
 - Kva er skulen sterk på?
 - Kva må skulen gjera betre?
- Leiinga og lærarane vurderer resultatane;
 - Delprøve
 - Område
 - Kompetansemål

Som vart meistra/ ikkje meistra. Resultat blir skrive for læring
- Gjennomføre same prøve på ny eit halvt år seinare, for å vurdere progresjon hjå enkeltelev, og heil klasse.
- Foreldregruppa og FAU, Driftsstyret blir informerte om resultatane og oppfølgingstiltaka.
- Leiinga og heile kollegiet gjennomfører halvårleg drøfting av resultatane.
 - Er det mønster i resultatane?
 - Skilnader mellom kjønna?
 - Indikerer resultatane behov for å justere praksis; organisatorisk og/ eller pedagogisk?
 - Ambisjonar vidare?
- Resultatane blir ført inn i eigne skjema for skulen. Dette gjer aktuell lærar.
- Assisterande rektor tek ut rapport i PAS. Resultatane blir arkivert i kull- permar.
- Leseprøva blir gjennomført av alle lærarar på PU-tid (den prøva som er aktuell for ditt trinn). Felles etterarbeid med dette
- Oppgåver lærarane i lag med avdelingsleiar ser er vanskelege, blir gitt vidare til lærarar på 4. og 7. trinn, slik at dei kan øve ekstra på denne typen oppgåver.
- Ta i bruk nasjonal prøve i undervisninga, og la elevane vera med å finne eigne feil.
- Ta med tekstar tilbake i undervisninga. Finn døme på liknande tekstar i dei ulike faga.
- Arbeidet blir gjennomført for alle trinn, for alle klassar og fag er involvert.

Revidert September 2019

Stine K. Kjellås - rektor

U:\Skule\Orre\Nasjonale prøver\retningslinjer for gjennomføring av nasjonale prøver Orre skule